



## TERRA-GRUPPEN AS

Terra-Gruppen AS er eit av dei fem største finanskonserna i Noreg og likevel det yngste. Konsernet er eigd av 80 norske sparebankar med over 200 filialar over heile landet, og meir enn 750 000 kundar. I bankane og konsernet er det vel 2.000 tilsette og om lag 200 av desse har sitt arbeide i Terra-Gruppen AS.

Bankane og Terra-Gruppen AS har ein samla forvaltningskapital på ca. NOK 130 mrd., og med det vert Terra-Gruppen ein viktig aktør i den norske bankmarknaden og den viktigaste i distrikta.

For meir informasjon, sjå [www.terra.no](http://www.terra.no)

## BSU

BSU-konto er ei spareordning for ungdom som gjev tilgang til sparing med skattefrådrag.

### SVÆRT GUNSTIG SPAREORDNING MED LÅNERETT FOR UNGDOM

BSU-konto er ei spareordning for ungdom som gjev tilgang til sparing med skattefrådrag og samtidig rett til bustadlån dersom du kan dokumentere økonomisk evne til å betale renter og avdrag. Vi hjelper deg med å rekne ut kor mykje du kan låne slik at du framleis har noko att å leve av.

### REDUSER SKATTEN MED INNTIL 4 000 KRONER

Skatten blir redusert med 20 % av sparebeløpet. Det vil seie at for kvar 1 000-lapp du sparer, blir skatten redusert med 200 kroner. Sparer du maksimalt sparebeløp (20 000 kroner), kan du få redusert skatten med 4 000 kroner pr. år. Rentene blir ikkje rekna med som ein del av sparebeløpet.

### PENGANE DINE ER 100 % SIKRE

Renta og skattefordelen til saman gjer at sparing på BSU-kontoen gjev deg ei svært høg og heilt risikofri avkastning. Sparepengane er garanterte av Bankenes sikringsfond.

### PENGANE ER ØYREMERKTE FRAMTIDIG BUSTADKJØP

For at du skal få full skattefordel, må pengane brukast til kjøp av "ny" bustad, eller til nedbetaling av lån på "ny" bustad. Med "ny" bustad meiner vi at du må ha kjøpt bustaden og flytta inn i bustaden etter at du oppretta BSU. Dersom du tek ut pengane utan å bruke dei til bustad på denne måten, må du betale tilbake skattefordelen du har fått. Du kan heller ikkje ta ut renter som er opptente til og med det året du fyller 33 år. Renter som du tener opp seinare, kan du fritt ta ut.

**TERRA**

Øystre Slidre Sparebank, 2940 Heggenes, tlf. 61 34 09 50,  
faks 61 34 09 65, [post@osbank.no](mailto:post@osbank.no), [www.osbank.no](http://www.osbank.no)  
avd. Beitostølen, tlf. 61 35 20 30, faks 61 35 20 31

 **Øystre Slidre  
Sparebank**

# BSU

Uttak til anna enn bustadformål blir rekna som kontraktsbrot. Det vil seie at du ikkje kan spare vidare på BSU-kontoen, og avtalen gjeld ikkje lenger.

## SPAR INNTIL 20 000 KRONER PR. ÅR

Innanfor BSU-ordninga kan du spare inntil 20 000 kroner i året (ca. 1 667 kroner pr. måned), og inntil 150 000 kroner i løpet av spareperioden. Opptente renter kan ikkje brukast som ein del av sparebeløpet.

## ER DU UNDER 34, KAN DU IKKJE LA VERE

Du får det siste skattefrådraget det året du fyller 33 år. Det vil seie at for å kunne nytte spareordninga fullt ut må du starte seinast når du fyller 27 år, og spare 20 000 kroner i året.

## SPAR NÅR DU VIL, DU BIND DEG IKKJE

Du bestemmer sjølv kor mykje og kor ofte du vil spare. Det enklaste er å spare med fast trekk frå for eksempel lønnskontoen din. Har du ein periode der det er vanskeleg for deg å spare, ta kontakt, og vi stoppar trekket.